

Notat

Dato 10.10.2019

# Kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen – avklaringar av dialogpunkt drøfta i møte 25. september 2019

Viser til Samordna uttale med motsegn datert 2.10.2019 frå fylkesmannen i Vestland

Vedlagt følgjer Lindås kommune, ved administrasjonen, sitt framlegg til endringar i plandokumenta.

Viser til «Notat - Kommuneplanen sin arealdel – avklaringar av motsegn frå Fylkesmannen» datert 10.10.2019 frå Lindås kommune og reviderte føresegner for kommuneplanen. Endringane i KPA er også innarbeidd i KDP.


## Fylkesmannen sine dialogpunkt (som gjeld KDP Knarvik-Alversund med Alverstraumen)

### Kyststi


Forholdet mellom terrenginngrep og samanhengande turveg vart diskutert. Det vart semje om at ein må ta inn eit klart plankrav på kyststien, slik at terrenginngrep i strandsona kan vurderast.

**Endra føresegn:** «Kyststi. Deler av kyststien som ikkje er opparbeidd skal inngå i detaljreguleringsplan., Kyststien må ikkje regulerast i ein plan, men kan delast opp i delstrekningar. Forstudie for kyststi skal leggest til grunn for detaljplanlegging av kyststien.»

### B7 Gjervik: Det var semje om å ta ut området



**LSB 1 Kvamme: Det var semje om å ta ut området**



**BN1 Galteråsen: Friluftinteressane vart diskutert. Det var semje om at området vert redusert ved at trekant som går inn i omsynssone friluftsliv vert tatt ut.**

